

**Øystein Sørensen og Nik Brandal***Det norske demokratiet og dets fiender, 1918–2018*

Dreyers forlag, Oslo 2018, 354 s.

Øyvind Strømmen

Frilansjournalist og forfatter

Master i religionsvitenskap, 2015

oyvindstrommen@gmail.com

Det norske demokratiet og dets fiender, 1918–2018 består av sju kronologiske kapitler som skildrer eit hundreår med ekstremistiske utfordringar mot det norske demokratiet.

På den eine sida vert det gjort gjennom å skildra ulike politiske straumdrag i seg sjølv: mellomkrigstidas venstre-revolusjonære og høgautoritære, etterkrigstidas Moskva-kommunistar, AKP, Norsk Front og så vidare. Både små og store grupper vert presenterte. Det er med andre ord snakk om eit slags lengdesnitt av norsk ekstremismehistorie, med dei styrkar og svakheiter ei slik tilnærming har.

Ein styrke er at det gjev ei veksling mellom den grunnleggjande tematikken og fleire konkrete kontekstar forfattarane utvilsamt har betydeleg innsikt i. Dette innbyr til ettertanke rundt norsk politisk kultur, og rundt korleis denne har møtt ekstreme rørsler: ofte med ei viss sindigheit, stort sett med fornuftige tiltak, men også – iblant – med ein dose paranoia, til dømes i merksemda overvakingspolitiet retta mot ML-rørsla. Det er i dette andre hovudsporet at boka er på sitt beste, i gode og grundige innføringar i mellom anna spenninga mellom den pansra og den opne handa i møtet med arbeidarrørsla, i sin diskusjon av etterkrigsoppgjeret med Nasjonal Samling, i sin gjennomgang av debatten rundt beredskapslova av 1950. Dette er samanfattingar som også bør kunna bidra til å opplysa notidige diskusjonar om korleis me kan og bør møte ekstremisme.

Det norske demokratiet og dets fiender er ei klårt argumentert og velskriven bok. Ei svakheit ved lengdesnittet er likevel at det stundom kan verta vel overfladisk. «Det mest interessante utslaget av høyreautoritær tenkning i Norge i mellomkrigstiden var Fedrelandslaget» (s. 79), skriv til dømes Sørensen og Brandal. Då er det litt skuffande at dei ikkje gjev større merksemd til nettopp dette dømet. Dei gjev rett nok ei kort samanfatting av organisasjonen si historie og bruker ein del plass på Nansen, som var blant organisasjonen sine stiftarar, og som spelte ei ikkje heilt uvesentleg rolle i Fedrelandslaget fram til han døyde i mai 1930 (s. 93).

«Nansen falt, i motsetning til sin gamle medarbeider i Russland og Ukraina, Vidkun Quisling, ikke for fascismens løsninger», skriv Brandal og Sørensen, medan dei hjå Fedrelandslaget sin formann, Joakim Lehmkuhl, finn ein illustrasjon på dilemmaet innanfor dei

høgreautoritære straumdraga i Noreg i mellomkrigstida. På den eine sida tordna Lehmkuhl mot parlamentarismen, og tok til orde for eit systemskifte, iblant med openberr inspirasjon frå den italienske fascismen: «Lehmkuhl ønsket seg en ‘korporativ ordning av hele næringslivet’ i Norge. I 1933 lanserte han formuleringen ‘et folkestyrets diktatur’ som ideal og mål i Fedrelandslagets avis ABC» (s. 81). På den andre sida, skriv forfattarane, avgrensa Lehmkuhl seg eksplisitt frå tanken om diktaturet som styreform i Noreg: «Diktaturprinsippet har aldri vært norsk og vil aldri bli det» (gjeve att same stad).

Berre i desse to sitata ligg det ei spenning og dirrar. Men det til sides, det er liten tvil om at det i Fedrelandslaget, og då særleg i ungdomsrørsla Fedrelandslagets Ungdomsfylking (FUF), fanst betydeleg sympati for utanlandske fascistiske rørslar. Denne sympatien framstår også som aukande i åra etter at Nansen gjekk bort. I FUF gav det seg utslag i både uniformering, bruk av ei helsing med «utstrakt høyre hånd» og at ein innførte førarprinsippet. I partiorganet *ABC* rapporterte Terje Baalsrud, seinare redaktør for *Norges Handels- og Sjøfartstidende*, entusiastisk frå besøk hjå British Union of Fascists og hjå dei irske blåskjortene.¹

Det norske demokratiet og dets fiender synleggjer at politisk ytterleggående rørslar her til lands har fått størst oppslutning når dei «i sin retorikk og politiske praksis har hatt et relativt pragmatisk forhold til doktrinene i importerte ideologier», og at de «med noen unntak» har hatt «liten tilbøyelighet til voldsbruk» (s. 290–291). Brandal og Sørensen meiner at noko av forklaringa er at politisk ekstreme rørslar i Noreg, både til høgre og til venstre, også har hatt ein lojalitet til «det de har oppfattet og fremstilt som de egentlige ideene fra 1814», og har villa plassera sine politiske prosjekt inn i norsk politisk kultur. Her kunne Fedrelandslaget tent som eit døme, i endå større grad enn dei faktisk gjer i boka. Om Fedrelandslaget hadde vorte diskutert i større breidde, ville det også kunna fått fram fleire nyansar. Men ikkje minst: Fedrelandslaget hadde fortent større merksemd i både norsk historieskriving generelt og i ei bok som dette.

Den historiske gjennomgangen av demokratiet sine ulike utfordrarar i norsk historie er likevel god, sjølv om også ML-rørsla hadde fortent meir plass. Kapittelet om den ekstreme høgresida etter 1945 er leseverdige, og gjev god oversikt, sjølv om det sluttar med Varg Vikernes og dermed med noko av eit hol før terroråtalet 22. juli. Det er til gjengjeld utgangspunkt for eit eige kapittel, som gjer godt greie for innhaldet i Breivik sitt manifest, for ulike ideologiske nivå i dette og for koplingane til sjølverklærte kontrajihadistiske skribentar og miljø.

Kapittelet forklarar også godt hans seinare kursjustering i retning nasjonalsosialisme, ei utvikling forfattarane set i samband med kor Breivik har funne støtte. Det har i liten grad vore i såkalla kontrajihadistiske miljø, i større grad «fra nynazistisk orientert hold i Øst-Europa» (s. 274).

Det kan likevel innvendast at Sørensen og Brandal med fordel kunne ha brukt meir plass på plasseringa av Breivik i ein større ideologisk og ideologihistorisk kontekst. Ved to høve er dei inne på korleis islam har innteke ein større og større del av det høgreekstreme fiendebiletet, men det vert ikkje bora noko vidare i det. I dei to åra som har gått sidan Sørensen og Brandal si bok vart gjeve ut, har relevansen av dette vorte endå meir synleg: Gjerningsmannen bak det antiislamske terroråtalet i nyzealandske Christchurch i mars 2019 refererte konkret til Breivik. Det åtalet var det fyrste av fleire høgreekstreme terroråtak det året, eit av dei i Bærum. Dei hadde alle koplingar til ein høgreekstrem nettkultur som vanskeleg kan kallast kontrajihadistisk, men der ein har kunna finna døme på heltedyrking av Breivik.

1. Terje Baalsrud, «Still going – but not strong», *ABC*, 30. august 1934; «Kampen om den grønne ø», *ABC*, 13. september 1934.

Bokas siste kapittel diskuterer islamismen, og gjev gode samanfatingar av to konkrete utslag av han i Noreg: den vesle og ganske lukka organisasjonen Profetens Ummah, som utvilsamt har spela ei rolle i samband med rekruttering av framandkrigarar frå Noreg til IS, og den langt opnare, og ikkje-valdelege, men reaksjonære salafistrørsla IslamNet. Sørensen og Brandal meiner at islamismen som utfordring er av ein annan karakter, fordi han ikkje har ei forankring i norsk politisk kultur, men i staden knyter seg til eit førestilt internasjonal fellesskap, *ummaen*. Det er utvilsamt eit gyldig poeng.

Dessutan, peiker dei på, er det i dag, «[p]å en helt annen måte enn for hundre år siden [...] mulig å vokse opp i Norge og hente sine idémessige impulser utenfra, uten å utsette seg for kritiske motforestillinger» (s. 291–292). Det gjeld ikkje berre for IS-sympatiserande islamistar, understrekar dei, men også for Breivik. I aukande grad er det nok også gjeldande for høgrekstrémismen meir generelt.

I sum er *Det norske demokratiet og dets fiender* ei tilgjengeleg og leseverdige samanfating av revolusjonært svermeri og autoritære fantasiar i norsk politisk historie, og av korleis desse har vorte møtt. Den er også ei slags oppsummering av ein serie antologiar publiserte på Dreyer forlag, og redigert av Brandal, Sørensen og Bernt Hagtvat.